

Høyringsinnspel frå Dåfjord Næringsforum (DNF)

Me har denne hausten engasjert oss sterkt i den nye skulebruksplanen og kommunebudsjettet.

DNF saknar signal om at Fitjar kommune anerkjenn verdien og viktigheita av bygdene sine, då snakkar eg ikkje berre om dugnadsånd og flott natur og samhald, då snakkar eg kroner og øre, då snakka eg verdiskaping, tilskot og vekst. Vidare saknar me forståing for kva rolle skulane kring dette.

Det er ikkje tvil om at budsjettausten har vore vanskeleg. DNF meiner likevel det er uansvarleg å legge ned to velfungerande skular ut frå dagens bilde. Endring av skulestrukturen vil ha store alvorlege, uopprettelege konsekvensar både for elevane, grendene, sentrum og ikkje minst kommuneøkonomien utan at det er føretatt ei konsekvensutgreiing og utan å ha forankring i ein samfunnsplan. Ein har rett og slett ikkje grunnlag for å ta slike tunge avgjeringar, noko som faktisk bør vere eit minimumskrav.

- Anerkjenn dynamikken kring skulane våre, I tillegg til å vera gode skular gjer dei bustadområde til bygder, dei skapar liv, samhörighet, tryggleik og arbeidsplassar.
- Sjå verdien av trygge born som kan gå og sykla til ein skule i eiga bygd.
- Ikkje minst sjå inntektene og potensiale levande bygder og tilflytting genererer.

Der bør ikkje herske noko tvil om at den store tilflyttinga til Dåfjorden har komme Fitjar kommune til gode, og der bør ikkje herske noko tvil om at denne tilflyttinga ikkje hadde skjedd om skulen hadde vorte nedlagt i 1992.

Tilrettelegging for bustadar og utvikling saman med eit godt oppvekstilbod har vore sjølve nøkkelen for å lykkast i Dåfjorden. Ein kan vel knapt finne tydelegare «bevis» på dette enn- 25 år med kontinuerleg tilflytting og nyetablering i ei lita grend.

Dåfjorden har fantastisk potensiale for vidare vekst,

- Oppveksande generasjonar ynskjer å etablere seg – Bygda slit verken med fråflytting eller «forgubbing». Over halvparten av innbyggjarane er barnefamiljar.
- To bustadområde rundt skulen er under planlegging.
- Eksisterande næringsliv gjer det bra og ynskjer å ekspandere og fleire føretak ynskjer å etablere seg i Dåfjorden.

Så me ber innstendig, Ikkje spenn bein under ei positiv bygd i vekst!

-Utan skule, stoppar utviklinga!

I neste omgang står barnehage og SFotilbodet i fare og bustadutbygging vert skrinlagt.

Dåfjord Næringsforum oppfordrar politikarane i Fitjar til å

- Ha tru på Fitjar kommune
- Sats på utvikling og vekst i heile kommunen
- bevare grendeskulane

Stem for eit budsjettforslag som opprettheld dagens skulestruktur!